



## Teieplikt og samarbeid i vidaregåande skole

Samarbeid er ønskjeleg og heilt nødvendig for at skolen kan oppfylle sitt viktige samfunnsoppdrag. På den andre sida er reglane om teieplikt vesentlege for å ivareta våre elevar og familiane sin personlege integritet. Teieplikt er også viktig for å ivareta elevane og dei føresette sin tillit til skolen

Vi ønskjer med dette brevet å presisere reglane om teieplikt for skolens personale, og kva reglar som gjeld for adgangen til å gi opplysningar som er omfatta av teieplikta vidare til andre på eigen skole og utveksling av opplysningar mellom skole og PPT, skole og helse- og omsorgsteneste og andre samarbeidspartar .

## Innhold

Teieplikt og samarbeid i vidaregåande skole .....	1
1. Teieplikt og samarbeid i vidaregåande skole .....	3
1. Bakgrunn.....	3
2. Teieplikt .....	3
2.1 Generelt om teieplikt .....	3
2.2 Nærare om kva teieplikta omfattar.....	4
2.3 Kor lenge teieplikta varer .....	4
2.4 Konsekvensar av å bryte lovbestemt teieplikt .....	4
2.5 Unntak frå teieplikta.....	4
2.5.1 Samtykke frå den som har krav på teieplikt.....	5
2.5.2 Anonymisering av personopplysningar .....	5
2.5.3 Allment kjende opplysningar.....	6
3. Reglar som gjer det lovleg å bringe teiepliktbelagte opplysningar vidare utan at det er gitt samtykke frå den som har krav på vern. ....	6
3.1 Internt samarbeid på skolen. ....	6
3.1.1. § 13 b nr 2 – opplysningar kan brukast for å oppnå føremålet dei er gitt eller innhenta for 6	
3.1.2. § 13 b nr 3 – opplysningar til bruk innafor same organ eller same etat .....	6
3.2. Ressursteam og elevtenester .....	7
3.2.1 § 13 b nr 5 – opplysningar kan gis til andre forvaltningsorgan .....	7
3.3 Ansvarsgrupper .....	8
3.4 Samarbeid med PPT .....	8
3.5 Informasjon til helsetenesta og sosialtenesta.....	8
3.6 Informasjon til politiet m.m.....	9
3.6.1. § 13 b nr 6 – anmeldelse eller opplysningar om lovbrøt.....	9
3.7 Skolens samarbeid med bedrifter .....	10
4. Opplysningsrett og opplysningsplikt .....	10
5. Nødvendige opplysningar – kva betyr det .....	10
6. Behov for rutinar som ivaretek dei motstridande omsyna - både omsynet til teieplikt og behovet for samarbeid. ....	11

## 1. Teieplikt og samarbeid i vidaregåande skole

### 1. Bakgrunn

Tilsette i offentleg forvaltning har teieplikt. Teieplikt inneber forbod mot å fortelje til andre det ein har teieplikt om og plikt til å hindre at andre får tilgang til desse opplysningane. Teieplikta vil til dømes kunne gjelde ovanfor føresette, pårørande, andre privatpersonar og journalistar. Innhaldet i teieplikta kan vere ulik for forskjellige grupper offentlege tilsette. Desse reglane vil i mange tilfelle innebere ei begrensing i adgangen som offentlege tenesteytarar har til å utveksle informasjon.

Teieplikta inneber plikt til å halde opplysningene for seg sjølv, dvs ikkje meddele dei til andre, skriftleg eller muntleg. Vidare inneber det å ha teieplikt at ein gjer det ein kan for å hindre at andre får tilgang til desse opplysningane. Dette betyr m.a at dokument som inneheld teiepliktbelagte opplysningar, blir oppbevart slik at andre ikkje får tilgang til dei. Slurv i form av å la dokument liggje att i møterom, eller at dokument ligg opent framme heime, slik at andre kan lese dei, vil vere brot på teieplikta på same måte som om du har meddelt opplysningane vidare til andre.

Vi har erfart at det er uklart kva reglar som gjeld for utveksling av personopplysningar både til andre tilsette på skolen og til ulike samarbeidspartar utanfor skolen.

Vi ønskjer med dette brevet å presisere reglane om teieplikt for skolens personale, og kva reglar som gjeld for adgangen til å gi opplysningar som er omfatta av teieplikta vidare til andre på eigen skole og utveksling av opplysningar mellom skole og PPT, skole og helse- og omsorgsteneste og andre samarbeidspartar .

Skolane har erfart at elevgruppa er meir samansett enn tidlegare. Dette har m. a ført til at det ikkje lenger berre er pedagogisk personale som arbeider med elevane på skolen, men at også personar med annan fagbakgrunn er tilsett ved skolen, det kan t.d. vere personar med sosialfagleg bakgrunn, eller personar med helsefagleg bakgrunn. Dette fører til at personalet ofte arbeider tverrfagleg, t.d. i team eller gjennom såkalla elevtenester, der alle hjelpetenester retta mot elevane er samorganiserte.

For å kunne utføre sine arbeidsoppgåver på ein forsvarleg måte, har skolens tilsette behov for å samarbeide både med andre på eigen skole og med tilsette i andre offentlege og private organ, t.d. PPT, barnevern, helse- og omsorgsetaten, helseinstitusjonar, politi , bedrifter osv. Samarbeidet skjer på ulike stadier i ein prosess, og på ulike måtar. Uansett når og på kva måte samarbeidet skjer, vil det vere behov for å utveksle informasjon.

## 2. Teieplikt

### 2.1 Generelt om teieplikt

Offentleg forvaltning får store mengder opplysningar om enkeltpersonar for å kunne ivareta sine oppgåver. For å kunne få tilgang til opplysningar, er det avgjerande at innbyggjarane har tillit til at opplysningane ikkje blir spreidde eller misbrukte. Reglane om teieplikt skal sikre at personar som forvaltninga har informasjon om, kan ha tillit til at opplysningane blir behandla på ein trygg måte. Teieplikta ivaretek grunnleggjande personvernomsyn, dvs at den einskilde elev råder over opplysningane om seg sjølv.

Skolens personale har etter opplæringslova (oppl) § 15-1, første ledd teieplikt etter bestemmelsen i forvaltningslova (fvl) § 13. Bestemmelsen gjeld for alle som utfører arbeid eller teneste for skolen. Med uttrykket teneste er det meint at regelen ikkje berre omfattar den som er tilsett, men også andre som t.d private oppdragstakarar eller foreldre som har verv i skolens utval. Det er ikkje avgjerande kva for stilling vedkomande har. Teieplikta omfattar alle som får kunnskap om personopplysningar gjennom sitt arbeid eller teneste for fylkeskommunen. Dette inneber at også t.d. reinhaldarar og kantinepersonell vil ha teieplikt etter § 13 dersom dei gjennom sitt arbeid får kunnskap om personopplysningar.

Etter § 13 omfattar teieplikta opplysningar om «noens personlege forhold». Teieplikta gjeld stort sett all informasjon som kan knyttast til ein person, dvs opplysningar om slektskap-, familie- og heimeforhold, om helse, sosial situasjon og eventuelle meistringsproblem knytt til skolegang. Følgjande opplysningar er rekna for å vere så lite sensitive at dei ikkje er omfatta av teieplikta med mindre dei avslører eit personleg klientforhold eller andre personlege forhold: fødestad, fødselsdato og personnummer, statsborgarskap, sivilstand, yrke, bopel og arbeidstad. (§ 13, andre avsnitt) Elevstatus er ikkje eit

klientforhold og skolens personale vil difor ikkje ha teieplikt om slike opplysningar. Etter dette vil f.eks liste over elevane på skolen med informasjon om namn, adresse, telefon ikkje vere omfatta av teieplikta.

Andre samarbeidsparter kan ha strengare teieplikt. Dette gjeld t.d. for helsepersonell. Helsepersonell er alle som har rett til godkjenning etter helsepersonellova § 48 som t.d. lege, helsesøster, sjukepleiar og fysioterapeut. Helsepersonell vil ha teieplikt om opplysningar som er nemnde ovanfor fordi dette vil avdekke eit pasient-/klientforhold. Det same gjeld personar som arbeider etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. (tilsette i NAV).

Tilsette i PPT vil ofte vere helsepersonell av profesjon. Dei vil ha teieplikt etter reglane i forvaltningslova når dei utfører oppgåver etter opplæringslova § 5-6. Dette vil kunne vere annleis i tilfelle dersom ein elev mottek individuelle tenester frå PPT.

## 2.2 Nærare om kva teieplikta omfattar

Med «opplysningar om noens personlege forhold» er meint opplysningar om fysiske personar som er av privat art og som folk vanlegvis ønskjer å halde for seg sjølv. Opplysningar om helse, personleg karakter, haldningar, politisk og religiøs oppfatning, slektskaps- og familie-/heimeforhold, utdanning, arbeidssituasjon, privatøkonomisk situasjon er slike opplysningar som er omfatta av teieplikta. Når det gjeld utdanningsområdet vil opplysningar om fråver, faglege prestasjonar, inkl individuelle vurderingar, standpunkt karakterar, eksamens karakterar, lærevisningar, atferd, irettesettingar, merknader og sanksjonar etter ordensreglementet, vere personopplysningar som er omfatta av teieplikta etter fvl § 13. Det same gjeld opplysningar som skolens personale får gjennom elevsamtaler o . I der elevar betruer seg til f.eks ein rådgivar eller kontaktlærar om personlege problem, t.d. rusproblematikk, vanskar heime. Opplysningane treng altså ikkje handle om opplærings spørsmål for å vere underlagt teieplikt.

Teieplikta gjeld informasjon om personlege tilhøve som du får kjennskap til gjennom den tenesta du utfører for skolen/fylkeskommunen. Informasjon du har om ein person fordi det er allment kjend eller som du har fått kjennskap til som privatperson, er ikkje omfatta av teieplikt etter fvl § 13. Det er likevel grunn til å understreke at opplysningar ein får som tilsett i skolen i personlege samtaler med elevar, er omfatta av teieplikta, sjølv om opplysningane blir gitt i ein situasjon som ikkje har direkte tilknytning til skolen.

Det er viktig å vere merksam på at du har teieplikt sjølv om den du snakker med eller skriv til også har teieplikt.

## 2.3 Kor lenge teieplikta varer

Teieplikta varer etter at du har slutta i tenesta. Opplysningane kan heller ikkje nyttast i eigen verksemd eller i arbeid for andre. Dette følgjer av fvl § 13, siste avsnitt. For eksempel fell teieplikt i ei barnevernsak bort etter 100 år, jf. § 10 i forvaltningsforskrifta.

## 2.4 Konsekvensar av å bryte lovbestemt teieplikt

Teieplikt er eit personleg ansvar. Brot på regelverket er straffbart etter straffelova § 209.

Brot på reglane om teieplikt vil også vere brot på fylkeskommunens eige regelverk og vil kunne ha konsekvensar for tilsetjings- eller tenesteforholdet.

## 2.5 Unntak frå teieplikta

Reglane om teieplikt, slik dei er formulert i § 13, ville gjere det ulovleg å utveksle opplysningar, sjølv om utveksling av informasjon i mange tilfelle er til det beste for eleven. Det er difor fastsett reglar som gir adgang til å utveksle teiepliktbelagte opplysningar både med andre på same skole, og til personar som ikkje er knytt til skolen.

Unntaksreglane kan delast inn i to grupper. Den eine gruppa er unntak i tilfelle der det ikkje er behov for vern av personopplysningar. Desse reglane står i § 13 a 1 – 4.

- I kap. 2.5.1 nedanfor går vi nærare inn på § 13 a nr 1 – samtykke som grunnlag for å bringe teiepliktbelagte opplysningar vidare til andre.
- I kap. 2.5.2 nedanfor gjer vi nærare greie for § 13 a nr 2 – anonymisering der individualiserande kjenneteikn er utelatne.
- I kap. 2.5.3 gjer vi kort greie for § 13 a nr 3. - allment kjende opplysningar, dvs slik som alle på staden veit.

Det andre regelsettet om unntak frå teieplikt er gitt for å ivareta forvaltninga sitt behov for å kunne utveksle opplysningar. Desse reglane står i § 13 b nr 1 – 8. Vi gjennomgår ikkje alle reglane i dette brevet. På bakgrunn av problemstillingane slik desse er definert ovanfor, skal vi i kap. 3 gjennomgå følgjande:

- kap. 3.1.1: § 13 b nr 2 – opplysningane kan brukast til det føremålet dei er innhenta for
- kap. 3.1.2: § 13 b nr 3 – opplysningane kan gjerast kjend for andre i same organ og etat når det trengs for ein hensiktsmessig arbeids- eller arkiv ordning
- kap.3.2 – 3.5: § 13 b nr 5 – eit forvaltningsorgan kan gi opplysningar til eit anna forvaltningsorgan om ein persons forbindelse til organet eller om avgjerder som er fatta, eller andre opplysningar når det er nødvendig for å fremme avgivarorganets oppgåver etter lov, instruks eller oppnemningsgrunnlag.
- kap. 3.6: § 13 b nr 6 - opplysningar kan givast vidare til politiet og andre kontrollinstansar utan hinder av teieplikt.

### 2.5.1 Samtykke frå den som har krav på teieplikt

Det er fastsett i § 13 a nr 1 at den som har krav på teieplikt kan oppheve teieplikta ved å gi samtykke.

Samtykke som grunnlag for å bringe personopplysningar vidare til andre, ivaretek tilliten mellom skole og den enkelte og bør difor nyttast i størst mogleg utstrekning. I fylkeskommunen sine prosedyrar for inntak, er det i saker som gjeld individuelt behov for tilsettelegging og spesialundervisning, lagt opp til at eleven skal gi samtykke til at skolen innhentar opplysningar frå andre nærare definerte tenesteytarar og til at skolen kan gi opplysningar vidare til andre nærare definerte tenesteytarar.

Samtykke skal vere frivillig og uttrykkeleg. Det betyr at passivitet ikkje kan tolkast som samtykke. Samtykke bør vere skriftleg. Det skal gå fram av samtykket kva slags opplysningar det er tale om å innhente/bringe vidare, kva opplysningane skal brukast til, og kven som vil få tilgang til opplysningane. Dette inneber at generelle samtykkeerklæringar der det ikkje er konkretisert kva informasjonen skal nyttast til, kvar den skal hentast frå og kven den kan vidareformidlast til, ikkje kan nyttast som grunnlag for å behandle personsensitive opplysningar.

Myndige elevar samtykker sjølve til oppheving av teieplikt. For umyndige elevar er spørsmålet om det er foreldra eller den umyndige som gir samtykke. Det følgjer av lov av 08.04.1981 om barn og foreldre § 32 at barn som har fylt 15 år, sjølve skal avgjere spørsmål om val av utdanning. Etter denne bestemmelsen avgjer ungdom som har fylt 15 år sjølve både om dei vil søkje og om dei vil ta imot tilbod om skoleplass i vidaregåande opplæring, og kva slags utdanningsprogram dei vil søkje. Elevar som har fylt 15 år avgjer også sjølve om dei vil samtykke til innhenting av sakkyndig vurdering og til at det blir sett i gang spesialundervisning. Dette er uttrykkeleg sagt i forarbeida til oppl § 5-4. (sjå ot.prp 36(199-97)) På denne bakgrunn er det naturleg å tolke regelverket slik at det er eleven sjølv som gir samtykke til oppheving av teieplikt, når informasjonen skal nyttast i samanheng med skoleinntak, eller for å vurdere tilretteleggingstiltak o.l. som gjeld gjennomføring av eleven sin skolegang.

Eit aktuelt spørsmål i samanheng med tilhøvet mellom mindreårige elevar og føresette, er om det er nødvendig med samtykke frå den mindreårige for å kunne gi elevopplysningar vidare til eleven sine føresette. Utgangspunktet er at bestemmelsen om at elevar som har fylt 15 år sjølve bestemmer i saker som gjeld utdanning, jf. barnelova § 32, ikkje inneber at skolen har generell teieplikt andsynes føresette. I forskrift til opplæringslova § 20-4 om foreldresamarbeid i vidaregåande opplæring, har foreldre til umyndige elevar rett til samtale med kontaktlærar om korleis eleven arbeider dagleg, elevens kompetanse i dei ulike faga, elevens tilpassing til skolefellesskapet osv. Vidare skal dei ha beskjed dersom eleven ikkje møter fram på skolen, og dei skal varslast i eige brev dersom det er fare for at eleven ikkje kan få vurdering med karakter i fag, og ved fare for nedsett karakter i orden og åtferd. Utover det som er nemnd her, kan føresette til umyndige elevar, dersom dei ber om det, få anna viktig informasjon om eleven med mindre denne er underlagd teieplikt etter anna lovgiving, jf § 20-4, fjerde avsnitt (d). Som eksempel kan nemnast at opplysningar om at ein ungdom rusar seg, må kunne bringast vidare til foreldre utan hinder av teieplikt. Det same gjeld når skolen behandlar saker etter ordensreglementet eller saker som gjeld klage frå elevar på eleven sitt arbeidsmiljø etter oppl. kap. 9A. Grunnlaget for dette standpunktet er at dette er informasjon som er viktig for at foreldra kan utøve foreldreansvaret.

I saker der føresette for umyndige elevar har ein sjølvstendig rett til å opptre som part, vil den føresette ha rett til å få elevinformasjon som er underlagt teieplikt uavhengig av samtykke frå eleven. Dette vil gjelde dei opplysningane som er nødvendige for å kunne ivareta klageretten. Som eksempel kan nemnast at foreldre til umyndige elevar har ein sjølvstendig rett til å klage på standpunktarakterar, ordens- og oppførselskarakterar, eksamen m.v, sjå forskrift til oppl. § 5-2. For å kunne nytte denne klageretten, vil dei ha rett til innsyn i karakterprotokoll, vitnemål og kompetansebevis, dersom dei ber om slik innsyn.

Foreldre til myndige elevar kan berre få slik informasjon dersom eleven sjølv har gitt samtykke til det.

### 2.5.2 Anonymisering av personopplysningar

Anonymisering betyr å utelate individualiserande kjenneteikn, som t.d namn, adresse. Det er viktig å vere merksam på at det i dei færreste tilfella er tilstrekkeleg å utelate desse opplysningane. Ein person kan kjennast att på andre ting, t.d ved å omtale

ei særskild hending, osv. Det vil difor som oftast vere nødvendig å utelate mange opplysningar. Dette vil kunne føre til at saka blir feilaktig eller ufullstendig framstilt. Ein vil difor heller ikkje få den responsen ein ønskjer frå den ein gir informasjon til. Anonymisering gir difor ikkje alltid ønskja resultat og bør nyttast med varsemd.

### 2.5.3 Allment kjende opplysningar

Dersom for eksempel alle på heimstaden kjenner til at eleven er funksjonshemma, gjeld ikkje teieplikta for denne opplysninga. Det er viktig å avgrense mot sladder og folkesnakk om ein elev. Dette er ikkje opplysningar som er allment kjende.

## 3. Reglar som gjer det lovleg å bringe teiepliktbelagte opplysningar vidare utan at det er gitt samtykke frå den som har krav på vern.

### 3.1 Internt samarbeid på skolen.

Teieplikt er eit personleg ansvar for kvar enkelt tilsett. Dette betyr at det i utgangspunktet er forbod mot å dele opplysningar med andre tilsette på skolen både i uformelle og i formelle samanhengar. Faglærarar, kontaktlærarar, assistentar og andre som arbeider med dei same elevane har behov for å utveksle opplysningar med kvarandre og med skolens leing på alle nivå, for å kunne ivareta sine oppgåver, t.d for tilrettelegging av opplæringa, for å kunne fastsetje karakterar, for å ivareta elevars rett til eit godt og trygt miljø osv. Samarbeid internt på skolen vil kunne vere uformelt, eller meir formalisert, knytt til f.eks. faste samarbeidsmøte om elevar med særlege behov, såkalla ressursteam. Andre måtar å formalisere samarbeid på, vil t.d. vere å samle arbeidet med tilrettelegging i ei eiga avdeling.

Bestemmelsene i § 13 b nr 2 og § 13 b nr 3 gjer det lovleg at tilsette på same skole kan utveksle personopplysningar sjølv om det ikkje ligg føre samtykke frå eleven til slik informasjonsutveksling. Bruken av informasjonen vil imidlertid vere avgrensa til den konkrete samanhengen opplysningane er gitt eller innhenta for. Det avgjerande for adgangen til å utveksle opplysningane vil vere kva eleven som har gitt opplysningane, kunne rekne med at opplysningane blei brukt til.

#### 3.1.1. § 13 b nr 2 – opplysningar kan brukast for å oppnå føremålet dei er gitt eller innhenta for

Denne bestemmelsen sett ingen grenser for kven opplysningane kan bringast vidare til. Opplysningar kan difor gis til andre i same organ, til tilsette i andre organ, til kollegiale organ eller utval, til privatpersonar eller organisasjonar. Føresetnaden for at det skal vere lovleg å vidareformidle opplysningar etter denne bestemmelsen er at opplysningar blir gitt som ledd i saksbehandlninga og at opplysningane blir gitt vidare for å oppnå det føremålet opplysningane er gitt eller innhenta for. Etter denne bestemmelsen kan opplysningane nyttast m.a til saksførebuing, til å fatte vedtak, ved gjennomføring av beslutningar, ved oppfølging og kontroll.

Som eksempel på internt samarbeid der denne bestemmelsen gir heimel for utveksling av personsensitive opplysningar, kan nemnast basisgruppemøte/klasserådsmøte der lærarane for same klasse møtast for å drøfte felles saker. Vi vil understreke at bestemmelsen ikkje fører til at det er fritt fram for utveksling av informasjon sjølv om alle som deltek i møtet, er lærarar for dei same elevane. Det er særleg grunn for kontaktlærarar, som vil kunne ha omfattande kunnskap om elevar, t.d. om heimeforhold, seksuelle legning, eller andre personlege tilhøve elevar kan ha betrodd seg om, at dei viser stor varsemd med kva informasjon som blir gitt til andre om slike forhold som ikkje direkte vedkjem elevens skolegang. Det vil etter tilhøva kunne vere brot på teieplikta å formidle slik informasjon vidare til andre.

#### 3.1.2. § 13 b nr 3 – opplysningar til bruk innafor same organ eller same etat

Bestemmelsen gir heimel for å bringe opplysningar vidare til andre innafor same organ eller same etat når dette trengs for ei hensiktsmessig arbeids- eller arkivordning.

Skolen er eitt organ. Etat er eit samlebegrep for fleire organ innafor same forvaltningsgrein. I fylkeskommunen vil skoleetaten vere alle skolane og fylkesutdanningsavdelinga. I fylke og kommunar som har eigen Pedagogisk-psykologisk teneste vil også denne tenesta vere ein del av skoleetaten. Møre og Romsdal fylkeskommunen kjøper store delar av denne tenesta frå kommunar. Vi legg etter dette til grunn at PPT for vidaregåande skole ikkje er ein del av skoleetaten i relasjon til denne unntaksbestemmelsen. Vi kjem tilbake til samarbeid med PPT under pkt 3.4 nedanfor.

§ 13 b nr 3 dekker for eksempel situasjonar der fleire personar i same organ, f.eks på skolen, arbeider med same sak. Det kan vere seksjonsleiar og avdelingsleiar som behandlar same personalsak, eller det kan vere at personar som er tilsett i ulike seksjonar på skolen, arbeider med tilrettelegging av opplæringa for same elev.



Andre eksempel kan vere at tilsette på skolen og tilsette i sentraladministrasjonen arbeider med same sak, t.d inntak av elevar med store tilretteleggingsbehov, der det er nødvendig med tett kontakt mellom inntaksseksjonen hjå fylkesutdanningssjefen og personell ved den/dei skolane der det er aktuelt å tilby søkjar skoleplass. Samarbeid på etatsnivå skjer også ofte i personalsaker av meir alvorleg karakter, t.d i saker der det kan vere aktuelt med skriftleg åtvaring, der rektor som lokal arbeidsgivar samarbeider med personalavdelinga hjå fylkesrådmannen.

Bestemmelsen opnar også for spreiring av opplysningar innfor organet eller etaten til bruk ved rettleiing i andre saker, altså ikkje berre i situasjonar der fleire arbeider med same sak.

Det er eit vilkår for å oppeve teieplikta etter § 13 b nr 3 at opplysningane «trengs» for hensiktsmessig arbeidsordning m.v. Informasjon som er irrelevant for saka, kan ikkje formidlast vidare til andre. Det er også viktig å merke seg at t.d ved samlokalisering av personar med ulike oppgåver, vil bestemmelsen berre kunne nyttast til å dele informasjon mellom dei som har same arbeidsoppgåver.

Unntaka i § 13 b nr 2 og nr 3, fører til at informasjon lovleg kan flyte nokså fritt innfor skolen og mellom skolenivået og skoleeigarnivået. Det er likevel viktig å vise aktsemd ved utveksling av opplysningar internt. Det bør difor setjast nokre rammer for når og på kva måte informasjon blir utveksla. Det vil t.d. vere brot på teieplikt å formidle teiepliktbelagte opplysningar ved lunsjbordet, eller i fellesareal på skolen, der kven som helst kan fange opp informasjonen som blir gitt, sjå også nedanfor under pkt 4.2.

### 3.2. Ressursteam og elevtenester

#### *Ressursteam*

Skolane har ofte lagt sitt arbeid med elevar med særlege behov til eit samarbeidsorgan der ulike tilsette ved skolen deltek i faste møte, saman med representant frå PPT. Også representantar frå andre offentlege organ, som t.d. helse- og omsorgstenesta deltek i ressursteamet, anten fast eller sporadisk. Når PPT deltek, eller personar frå helsetenesta eller omsorgstenesta er med i skolen sitt ressursteam, vil bestemmelsen som gir heimel for å utveksle informasjon internt i organet eller etaten, ikkje kunne brukast. Det same gjeld dersom det i ressursteammøta deltek assistentar som er kommunalt tilsette. I dei vidaregåande skolane skjer det av og til at elevar både har assistent som eit spesialpedagogisk tiltak, og assistent som har ei anna rolle, t. d. bistå ved utagering. Sistnemnde gruppe er i enkelte tilfelle tilsett i kommunen der eleven bor.

§ 13 b nr 2, som vi har gjort greie for ovanfor under pkt 3.1.1, vil vere det sentrale heimelsgrunlaget for skolen til lovleg å kunne formidle informasjon til dei andre deltakarane i ressursgruppa. Bestemmelsen gir klar heimel for utveksling av informasjon mellom personar som arbeider med same sak, uavhengig av kva for organisatorisk tilknytning deltakarane har.

For utveksling av informasjon i ressursteamet, vil også bestemmelsen i § 13 b) nr 5 kunne vere aktuell, sjå pkt 3.2.1.

#### 3.2.1 § 13 b nr 5 – opplysningar kan gis til andre forvaltningsorgan

Bestemmelsen gjer det lovleg å gi andre forvaltningsorgan informasjon om ein persons forbindelse med organet og om vedtak som er gjort. Vidare gir bestemmelsen heimel for å bringe andre teiepliktbelagte opplysningar vidare til andre forvaltningsorgan når dette tener avgivarorganets, i dette tilfellet skolens, oppgåver. Det er berre nødvendige opplysningar som kan bringast vidare etter denne bestemmelsen. Bestemmelsen gjeld utveksling av informasjon mellom offentlege organ, ikkje mellom det offentlege og private.

I motsetning til § 13 b nr 2, er bestemmelsen i nr 5 uavhengig av om det ligg føre ei forvaltningssak eller ikkje.

Det er eit vilkår for å kunne formidle informasjon lovleg etter denne bestemmelsen at det tener avgivarorganets oppgåver å bringe personopplysningar vidare til andre forvaltningsorgan. Reglane i § 13 b nr 2, 3, 5, og nr 6, som vi kjem tilbake til nedanfor i pkt. 3.6, vil tilsaman åpne for ein vid adgang til spreiring av informasjon mellom forvaltningsorgan. Det kan i enkelte tilfelle likevel vere uklart om vilkåra er oppfylt. Eit eksempel kan vere om skolen kan gi opplysningar til NAV i samband med ei sak som det sosiale hjelpeapparatet har til behandling om den enkelte elev. Sjå meir om dette nedanfor i pkt. 3.5.

#### *Elevtenesta*

Ved enkelte skolar er arbeidet med rådgiving og hjelpetiltak retta mot elevar, organisert som ei eiga avdeling, der skolens eigne tilsette, både pedagogisk personell og rådgivarar knytt til Oppfølgingstenesta, samarbeider med helsesøster, og med tilsette i NAV, BUP og PPT.

Adgangen for skolen sitt personale til å vidareformidle teiepliktbelagte opplysningar til dei ein samarbeider med om elevtenester, vil vere tilsvarande det som gjeld samarbeid med personar utanfor skolen i t.d ressursteam, sjå ovanfor om § 13 b nr 2 og § 13 b nr 5.

Vi vil understreke at det sjølv om lova har reglar som gjer det lovleg å utveksle sensitiv informasjon i nemnde samarbeidsorgan, så skal denne adgangen nyttast med varsemd. For det første må skolen ha konkrete mistankar om at eleven kan ha problem. Det er ikkje i samsvar med regelverket å omtale elevar som det ikkje er grunnlag for å anta vil kome til å ha noko med ressursteamet eller skolens øvrige hjelpetenester å gjere. For det andre må opplysningane som blir gitt vidare tene skolen sitt saklege behov. Dette kan vere saksbehandlingsfremål eller skolen sitt oppdrag i vidare forstand. Grunnlaget for alle saker som blir tekne opp i skolen sine samarbeidsorgan skal vere den kontakt og dialog som personalet har hatt med dei elevane det gjeld på førehand. Sjølv om det ikkje er krav om samtykke frå eleven, bør eleven på førehand vere informert om at spørsmål vedrørande eleven vil bli drøfta i ressursteam eller med samarbeidspartar innfor elevtenesta, og om kva som er føremålet med å ta saka opp i teamet.

### 3.3 Ansvarsgrupper

Skolens personale deltek i ansvarsgrupper for enkeltelevar som mottok tenestar frå fleire offentlege instansar når skolegang er ein del av eit integrert tenestetilbod. Slike ansvarsgrupper består av representantar frå mange offentlege instansar, t.d frå PPT, helseteneste og omsorgstenesta (NAV) Dette inneber at deltakarane har ulike reglar for kva dei kan informere om i gruppa.

Ansvarsgrupper er ikkje ein del av skolens verksemd og unntaksregelen for informasjonsutveksling innafor same organ eller same etat, kan ikkje nyttast. Skolens representant i ansvarsgruppa vil kunne vidareformidle informasjon med heimel i reglane i § 13 b nr 2. Vidare vil § 13 b nr 5 kunne vere aktuell i desse tilfella. Her som elles gjeld det at skolen sine representantar må vere varsame med kva opplysningar dei går ut med. Vidareformidling av opplysningar til andre medlemmer i ei ansvarsgruppe, skal vere sakleg forankra i skolen sitt behov, anten ved at det tener skolen si saksbehandling eller fremmer skolen sitt oppdrag i vidare forstand.

Tilsette i PPT som deltek i ansvarsgruppe har same teieplikt som skolen sin representant og same adgang til å bringe opplysningar vidare til dei andre som det representanten frå skolen har.

Helsepersonell som deltek i samarbeidsmøte der det også er personar tilstades som ikkje er helsepersonell, kan berre formidle informasjon dersom dei har samtykke frå den som har krav på teieplikt.

### 3.4 Samarbeid med PPT

Det går fram av opplæringslova § 5-6 at PPT har plikt til å bistå skolen i arbeidet med elevar med særlege behov. Skolen har plikt til å nytte PPT sine tenester i slike saker.

Før eleven er meld til PPT for sakkyndig vurdering, vil utveksling av informasjon skje etter reglane om unntak frå teieplikt i § 13 b nr 2 og nr 5. På dette stadiet vil det normalt ikkje vere innhenta samtykke til at skolen kan gi informasjon til PPT. Skolen vil kunne ha behov for bistand for å kunne vurdere ein konkret situasjon der det er grunn til å tru at ein elev har problem. Nemnde bestemmelser gir skolen heimel for å gi PPT dei opplysningar som er nødvendig for at skolen kan vurdere kva dei skal gjere vidare i saka. Som oftast vil den bistand som PPT gir i desse tilfella vere av generell karakter, men PPT kan også formidle teiepliktbelagt informasjon til skolen i den utstrekning dette fremmer PPT sine oppgaver eller opplysningane er innhenta for å nyttast i saksbehandlinga. PPT og skolen har felles oppdrag når det gjeld å hjelpe elevar med særskilte behov, og det er difor lite tenkjeleg at dette samarbeidet skal hindrast av teieplikt.

Etter at eleven er meld til PPT for sakkyndig utgreiing, vil PPT sitt arbeid med å innhente opplysningar om eleven formidle desse vidare til skolen, vere basert på at eleven har gitt samtykke til utarbeiding av sakkyndig vurdering.

Skolen har rett til å nytte informasjonen i den sakkyndige vurderinga i samband med si behandling av sak om retten til spesialundervisning. Dette følgjer av § 13 b nr 2.

Skolen skal ved tilmelding til PPT nytte fastsett skjema, der det kan gis samtykke frå eleven til innhenting av personopplysningar frå andre nærare spesifiserte offentlege etatar til bruk ved utarbeiding av den sakkyndige uttalelsen.

### 3.5 Informasjon til helsetenesta og sosialtenesta

Det følgjer av § 13 b nr 5 at dersom skolen har konkret grunnlag for bekymring for ein elev, kan skolen gi slik informasjon til andre forvaltningsorgan som er nødvendig for å kunne få dei råd som trengs og eventuelt også få dei opplysningar som er nødvendig for å kunne ivareta skolens ansvar for å gi eleven eit tilfredstillande undervisningstilbod.



Dersom skolen har konkret mistanke om at ein elev har sjukdom eller vanskar som gjer det nødvendig å setje inn ressursar i form av t.d psykolog, lege, osv, kan skolen gi nødvendig informasjon til helsetenesta uavhengig av teieplikt. Vanlegvis vil slike henvendinger bli gjort i samråd med føresette og eleven sjølv, men sjølv om desse sett seg imot det, kan skolen etter reglane i § 13 b nr 5 gi slik informasjon for å ivareta sitt oppdrag med å gi eleven opplæring på ein slik måte at eleven får tilfredstillande utbytte av skolegangen.

§ 13 b nr 5 gir også vid adgang til å formidle opplysningar til sosial-og barneverntenesta. Vilkåret om at formidling av informasjon skal fremme skolen sine oppgåver er oppfylt dersom skolen meiner det er viktig med bistand frå desse for å kunne utvikle elevane sine evner.

Skolar som har skolehelseteneste vil kunne gi personopplysningar vidare til denne i samsvar med bestemmelsene i § 13 b nr 2 og § 13 b nr 5.

Helsepersonell som er tilsett i skolehelsetenesta har som nemnd tidlegare ein strengare teieplikt enn den som følgjer av fvl § 13. Dette betyr at dei ikkje kan formidle personopplysningar vidare til skolens personale utan at det ligg føre samtykke frå den som opplysningane gjeld.

Det har vore stilt spørsmål frå enkelte skolar om helsepersonell har tilgang til undervisninga for å kunne observere elevar. Helsepersonell som er knytt til skolen vil kunne ha interesse av for eksempel å observere ein enkelt elevs åtferd i klasserommet. Det vil ikkje vere brot på teieplikt å opne for at helsepersonell kan kome i klasserommet når føremålet er å vurdere tiltak for å betre læringsutbytte for den aktuelle eleven.

Vi legg til grunn at dersom føremålet er å observere gjennomføring av opplæringa, vil det at helsepersonell er tilstades i undervisninga vere brot på reglane om teieplikt. ligg utanfor skolehelsetenesta sine oppgåver og vil difor ikkje vere omfatta av unntaksbestemmelsene i forvaltningslova.

### 3.6 Informasjon til politiet m.m

#### 3.6.1 § 13 b nr 6 - anmeldelse eller opplysningar om lovbrøt.

§ 13 b) nr 6 gir heimel for skolen til å anmelde lovbrøt eller gi informasjon om lovbrøt til politiet Bestemmelsen gjer det lovleg å formidle teiepliktbelagte opplysningar vidare til politiet i samband med at skolen anmelder ein eller fleire elevar for straffbare forhold. Skolen kan anmelde til politiet både straffbare forhold som har ein slik alvorleg karakter at almenne omsyn tilseier at saka blir meld til politiet, og saker der det straffbare forholdet har tilknytning til elevens skolegang.

Alternativet om almenne omsyn vil gjere det mogleg for skolen å melde frå om alvorlege forhold som skolen blir kjend med, uavhengig av om forholdet har tilknytning til skolen si verksemd.

Det andre alternativet omfattar t.d saker der elevar bruker ulovlege rusmiddel i skoletida, volds- og mobbesaker, tjuveri på skolen. Informasjon om slike forhold er som regel også dekt av unntaksregelen i § 13 b nr 5.

Skolen har ikkje generell plikt til å gi informasjon til politiet, men vil kunne gi opplysningar vidare på førespurnad innfor rammene av § 13 b nr 5.

#### *Informasjon til domstolane*

Anmeldelser frå skolen kan resultere i at eleven må møte i retten. I tilfelle kan representant frå skolen bli kalla inn for å gi vitneforklaring. Det er viktig å vere merksam på at teieplikta som skolens representant har etter fvl § 13, ikkje automatisk er oppheva ved at domstolen behandlar ei sak. For straffesaker som blir behandla av domstolen, fastsett straffeprosesslova § 118 at retten ikkje kan ta imot forklaring frå eit vitne om forhold som vitnet har teieplikt om som følgje av teneste for stat eller kommune, utan at teieplikta er oppheva anten ved samtykke frå den som har krav på vern, eller frå departementet. (Fylkesmannen)

#### *Konfliktrådsbehandling*

Saker som blir meldt til politiet kan føre til at eleven må møte i konfliktrådet som eit alternativ til domstolsbehandling. Representantar frå skolen kan bli kalla inn for å gi forklaring. Skolens representant vil vere bunden av teieplikt. Eleven kan samtykke til oppheving av teieplikta. Dersom samtykke ikkje blir gitt, vil skolens representant kunne gi opplysningar som er underlagt teieplikt etter reglane i §13 b nr 5. Etter denne bestemmelsen vil det f.eks vere høve til å gi opplysningar om tilhøve knytt til elevens ordens- og åtferd vidare til rådet, t.d. utvisingsvedtak og liknande. Det er ei føresetnad at det tener

skolen sitt oppdrag å bringe opplysningane vidare. Sensitive opplysningar om familiemedlemer vil f.eks ikkje felle innfor unntaket.

### 3.7 Skolens samarbeid med bedrifter

Skolane har eit omfattande samarbeid med private og offentlege bedrifter. Samarbeid skjer både i samband med at skolen må skaffe ordinære praksisplassar, og gjennom ressursteam og oppfølgingsteneste for å skaffe praksisplassar til elevar som treng arbeidserfaring som ein del av eit særleg tilrettelagt opplæringstilbod.

I samband med utplassering i arbeidspraksis kan ei aktuell problemstilling vere om den vidaregåande skolen har rett til å informere bedrifta om at eleven har eller har hatt rusproblem. Eleven kan gi samtykke til at slik informasjon blir gitt. Da vil informasjonen kunne bringast vidare i samsvar med samtykket. Dersom det ikkje ligg føre samtykke frå eleven, oppstår spørsmålet om skolen likevel kan gi vidare informasjon om rusproblem.

Lovavdelinga i justisdepartementet har i ei fråsegn frå 2000 uttalt seg om korleis spørsmålet skal løysast når det gjeld adgangen til å informere helse- og omsorgsinstitusjonar om elevars rusproblem ved utplassering av elevar på utdanningsprogram for helse - og oppvekstfag. Spørsmålet er aktuelt både i høve private og offentlege institusjonar.

Lovavdelinga har konkludert med at det vil vere adgang for skolen til å informere institusjonen om dette uavhengig av teieplikt. Grunngevinga er at det går fram av læreplanverket at elevar i dette utdanningsprogrammet skal ha praksis i helse- og omsorgsinstitusjon. Det er difor skolen si oppgåve å skaffe praksisplassar. Dette forutsett eit samarbeid og eit tillitsforhold mellom skolen og dei institusjonane som er aktuelle. Informasjonen som blir gitt må ikkje gå lenger enn det institusjonen har behov for å få vite for å kunne ivareta sitt ansvar for pasientane eller klientane sine behov. For informasjon til private institusjonar er det § 13 b nr 2 som er lovgrunnlaget. For informasjon til offentlege helse- eller omsorgsinstitusjonar, er det § 13 b nr 5 som er lovgrunnlaget. Lovavdelinga understrekar at skolen ikkje har plikt til å gi slik informasjon, og at det må vurderast grundig i kvart enkelt tilfelle om det er nødvendig å utlevere desse opplysningane, sjå også pkt 4 om plikt til å gi opplysningar.

Det som er sagt her, inneber ikkje at skolen har ein generell adgang til å informere samarbeidande bedrifter om elevars rusmisbruk.

Når det gjeld elevar som får tilbod om utplassering i bedrift som eit tilretteleggingstiltak, vil skolen kunne formidle til bedrifta den informasjonen om eleven som bedrifta har behov for å få for å kunne tilby eleven passande arbeidsoppgåver. Dette vil gjelde både private og offentlege bedrifter, jf § 13 b nr 2.

## 4. Opplysningsrett og opplysningsplikt

I samband med det som er sagt ovanfor er det grunn til å understreke at det å ha rett til å gi frå seg informasjon utan at teieplikt er til hinder for det, ikkje er det same som å ha plikt til å gi frå seg informasjon. Opplysningsplikt gjeld berre der det er fastsett i lov at ein offentlig tenestemann/kvinne har slik opplysningsplikt.

Skolepersonell har opplysningsplikt til barnevernet etter oppl § 15 - 3. Etter denne bestemmelsen har skolens personale på nærare bestemte vilkår, plikt til å gi opplysningar til barnevernet både på eige initiativ og etter pålegg frå barnevernstyresmaktene. Opplysningsplikt til barnevernet blir ikkje behandla i dette brevet. Vi viser til Utdanningsdirektoratet sin rettleiar U-dir 10-2012.

## 5. Nødvendige opplysningar – kva betyr det

Unntaksreglane som er gjennomgått i dette brevet, fører til at teiepliktbelagte opplysningar i mange tilfelle lovleg kan formidlast vidare til andre. I unntaksbestemmesen som står i § 13 b) nr 5 er det uttrykkeleg sagt at denne adgangen berre gjeld i den utstrekning det er nødvendig for å ivareta avgivarsorganet sine oppgåver. Denne avgrensinga av unntaksadgangen skal også tolkast inn i dei andre unntaksbestemmelsene. Det å dele teiepliktbelagte opplysningar med andre etter desse reglane er lovleg berre i den utstrekning det er eit sakleg behov for å dele informasjonen vurdert ut frå kva som er nødvendig for å kunne utføre dei aktuelle oppgåvene.

Som ein god illustrasjon på dette prinsippet, viser vi til følgjande sak frå Siviombodsmannen sin praksis: (Sak 2010/2411)

«En ansatt ved et lokalt Nav-kontor var vitne til en telefonoppringning til hennes egen far der det ble spurt om hvor en fikk kjøpt narkotika. Nummeret oppringningen kom fra viste seg å tilhøre A. På denne bakgrunnen brukte den ansatte Navs datasystem for å sjekke om A var en av Navs brukere. Hun fant da opplysninger om at A hadde vært

sykemeldt i en periode, er gift, har fire barn og jobber ved X barnehage. Denne informasjonen sammen med en beskrivelse av telefonoppringningen, ble videreformidlet til barnevernet i kommunen i en bekymringsmelding.»

Siviombodsmannen konkluderte slik:

«[Forvaltningsloven § 13](#) åpner for en relativt vid adgang for spredning av taushetsbelagte opplysninger innenfor samme organ. Opplysningene kan likevel ikke sirkulere fritt i organet. Opplysninger som er underlagt taushetsplikt skal ikke være tilgjengelig for offentlige ansatte i større utstrekning enn det som er nødvendig for å utføre de arbeidsoppgavene de er satt til å løse. Den Nav-ansatte hadde i dette tilfellet neppe slikt tjenstlig behov for å hente ut opplysninger om klageren. Det var kritikkverdiggjort at Nav lokalt ikke hadde gjort de ansatte kjent med taushetspliktsreglene på en betryggende måte, og heller ikke fulgt opp denne saken internt.»

## **6. Behov for rutinar som ivaretek dei motstridande omsyna - både omsynet til teieplikt og behovet for samarbeid.**

Samarbeid er ønskeleg og heilt nødvendig for at skolen kan oppfylle sitt viktige samfunnsoppdrag. På den andre sida er reglane om teieplikt vesentlege for å ivareta våre elevar og familiarne sin personlege integritet. Teieplikt er også viktig for å ivareta elevane og dei føresette sin tillit til skolen. Eit godt tillitsforhold sikrar at skolens personale kan få den informasjon som er nødvendig for å kunne utføre skolen sine oppgåver på best mogleg måte.

Fylkesutdanningssjefen vil understreke at samarbeid og utveksling av personopplysningar i samband med dette, skal vere basert på samtykke frå eleven så langt det er mogleg. Når det gjeld krav til samtykke viser vi til det som er sagt ovanfor i pkt 2.5.1.

Vidare finn vi grunn til å understreke at skolane må ha gode dokumenthandterings- og arkivrutinar som sikrar at dokument som inneheld teiepliktbelagte opplysningar blir forsvarleg oppbevart og at tilgangen er avgrensa slik at berre den som har sakleg behov for informasjon, kan få tak i dokumenta.

Det er Ephorte som er fylkeskommunens saks- og arkivsystem. Når det gjeld arkivrutinar, er det fylkesutdanningssjefen som har ansvar for å etablere og implementere rutinar for å opprette sak, og om arkivering/avlevering av dokument som etter arkivlov med forskrifter skal lagrast. Det vil også vere fylkesutdanningssjefen som etablerer prosedyrar og reglar for kva som skal inn i Ephorte frå andre fagsystem som skolane bruker.

Vi viser for ordens skuld til at informasjon om dette ligg på Intranett under støttefunksjonar – dokumenthandtering, sjå følgjande adresse: <https://mrfylke.no/Intranett/Stoettefunksjonar/Dokumenthandtering>

Skolane sjølve fastsett retningsliner for dei møta skolen sjølv er ansvarleg for og der elevsaker blir behandla. Det bør vere reglar om kven som skal delta, innkalling og sakliste, føring av referat, kven som skal ha referatet tilsendt, oppbevaring av saksdokument (at opplysningar ikkje blir gjort tilgjengeleg for andre), og avklaring av samtykke frå eleven.

Vidare skal det fastsetjast retningsliner for ressursteam-møta, der det er fastsett kva type saker som skal behandlast, føring av referat, oppbevaring av dokumentasjon og kven som skal møte mv

Det bør også fastsetjast rutinar for gjennomføring av meir ad-hoc-prega møte om enkeltelevar med PPT, helseteneste og andre meir eller mindre faste samarbeidspartar.

Vi vil presisere at generelt samtykke som alle elevar gir ved skolestart, ikkje er lovleg grunnlag for å innhente eller vidareformidle teiepliktbelagte opplysningar om elevane. Samtykke skal difor innhentast først når det er etablert kontakt med den enkelte elev.

For ordens skuld nemner vi at det i samband med inntak av elevar til vidaregåande opplæring, i nokre tilfelle er gitt samtykke til å innhente og vidareformidle teiepliktbelagte opplysningar for den enkelte elev. Dette gjeld for det første elevar som er tekne inn med fortrinnsrett eller etter individuell vurdering, (A-skjema). Dette er elevar som anten skal ha spesialundervisning eller teiknspråkopplæring. Samtykket omfattar opplysningar som er relevante for inntaket og den tilrettelegde opplæringa. Vidare har elevar som har meldt om tilretteleggingsbehov i samband med inntaket (B-skjema), gitt samtykke til innhenting og vidareformidling av informasjon som er relevante for å tilpasse opplæringa i vidaregåande skole.

Vidare er det utarbeidd eige skjema for samtykke ved tilmelding av elevar til PPT.

Skolane må ha sine egne skjema for samtykke i saker som fell utanfor dei saksområda som er dekte i skjema som er nemnde ovanfor.

Alle som gjer arbeid eller teneste for fylkeskommunen, skal vere kjend med innhaldet i reglane om teieplikt, og ha underteikna teiepliktskjema, sjå Forvalningslova § 13 c. Det er eit leiaransvar å syte for at dette blir gjennomført. Fylkesutdanningssjefen ber om at denne rettleiaren blir delt ut til dei tilsette ved skolen. Vidare ber vi om at det blir orientert om rettleiaren og innhaldet i leiarteamet og i møte med tilsette som har eit særleg ansvar for behandling av elevsaker.

Dersom samtykke frå eleven ikkje er innhenta, eller dersom det er gitt samtykke, men samtykke ikkje dekker føremålet med utvekslinga av informasjon, må den tilsette nøye vurdere om vilkåra for unntak frå teieplikt etter reglane nemnd ovanfor, er oppfylt. Tvilsspørsmål skal avklarast med næraste leiar.

Det er fylkesutdanningssjefen som har ansvar for samarbeidsrutinar mellom PPT og skolane.

Desse er det gjort greie for i Informasjonsheftet; Prosedyrar i samband med inntak og saksbehandling i det spesialpedagogiske arbeidet i vidaregåande opplæring.